

Fram til ljós!

Fram til ljós, Noreg sin ungdom !

Snu frá di villferd på dårande undergangsveg.

Tak til los Herren frá Høgdom.

Jesus kan opna ei strålande framtid for deg !

Livet dit kjenner han ! Lagnaden vender han,
om han fær leida di ferd

Ber deg på armane gjennom ei larmande,
svikfull og vanskelegverd. —

Fram til ljós, Noreg sin ungdom !

Snu frá di villferd på dårande undergangsveg !

Tak til los Herren frá Høgdom.

Jesus kan opna ei strålande framtid for deg !

Fram til dåd, Noreg sin ungdom !

Arbeidet ventar, frá fjellvidd til øykrans om strand.

Latmanns såd ber ingi fruktblom,

Landslukka gror kring kvar kjærleg arbeidande hand !

Gudsfrykt og handelag helgar din arbeidsdag.

Himlen strør gull over deim !

Må du med tårer så —,

eingong du glad skal få kornband i fyljet ditt, heim.

Fram til dåd, Noreg sin ungdom !

Arbeidet ventar, frá fjellvidd til øykrans om strand.

Latmanns såd ber ingi fruktblom. —

Landslukka gror kring kvar kjærleg, arbeidande hand !

Johs. M. L. Rydland.